



DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 26

(2004–2005)

## Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2004 under Barne- og familiedepartementet

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 12. november 2004,  
godkjent i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2004 i samsvar med pkt. 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 800 Barne- og familiedepartementet

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

På kap. 800 Barne- og familiedepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter er det eit meirbehov på 0,85 mill. kroner som kjem av at tiltak av mellombels karakter i realiteten vert utført av departementet, men vert finansiert over ulike fagkapittel. Tiltaka vert såleis dekte innanfor den samla ramma til departementet. Det gjeld mellom anna midlar til ei ekspertgruppe som skal arbeide med revisjon av rammeplanen for barnehagar og nasjonale eksperter. Ei slik teknisk overføring inneber ikkje ei sveking av dei faglege føremåla i kapitla. Midlane vert budsjetterte over fagkapitla, men må omdisponerast til driftskapittelet då mellom anna løn og anna

godtgjersle etter økonomireglementet må utbetalast over driftskapittelet.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 800 Barne- og familiedepartementet, post 21 med 0,85 mill. kroner mot ei innsparing på 0,6 mill. kroner på kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid, post 21 Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid, 0,2 mill. kroner frå kap. 800 Barne- og familiedepartementet, post 01 Driftsutgifter og 0,05 mill. kroner frå kap. 840 Tilskot til krisetiltak, post 21 Spesielle driftsutgifter.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	3 851
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	3 186
Forslag til tilleggsløyving .....	850

#### Kap. 840 Tilskot til krisetiltak

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Sjå omtale under kap. 800, post 21.

**Kap. 841 Familievern og konfliktløsning***Post 70 Utviklings- og opplysningsarbeid o.a.*

Sjå omtale under kap. 842, post 01.

**Kap. 842 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under post 70*

Departementet gjer framlegg om å omdisponere 1,4 mill. kroner frå kap. 841 Familievern og konfliktløsning, post 70 Utviklings- og opplysningsarbeid o.a. Midlane skal nyttas til å dekkje utgifter knytte til IKT i familievernet.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	*
Løvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	141 031
Forslag til tilleggs-løyving .....	1 400

\* Oppretta i samband med 2004-budsjettet.

**Kap. 844 Kontantstønad***Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga til kontantstøtte vart auka med 193 mill. kroner til 3 045 mill. kroner i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett. Rikstrykdeverket reknar med at det er behov for å auke løyvinga med ytterligere 85 mill. kroner. Overslaget er basert på tal ved utgangen av tredje kvartal.

Meirbehovet ut over løyvinga i revidert budsjett kjem av at fleire barn er med i ordninga enn tidlegare berekna, etter som det er fleire eit- og toårningar og at langt færre av dei går i barnehage i 2004 enn måltalet i budsjettet på 8 000 plassar.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 844 Kontantstønad, post 70 Tilskot, med 85 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	2 992 145
Løvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	3 045 195
Forslag til tilleggs-løyving .....	85 000

**Kap. 845 Barnetrygd***Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utbetalingane til barnetrygd følgjer av gjeldande barnetrygdsatsar og dei demografiske variasjonane for aldersgruppa 0–18 år. Utgiftene i år vert i følge overslag frå Rikstrykdeverket om lag 54 mill. kro-

ner høgare enn løyvinga i saldert budsjett. Det kjem i hovudsak av utviklinga i talet på barn med rett til vanleg stønad og talet på forsørgjarar med utvida stønad (einslege forsørgjarar). Til saman utgjer dette rundt 5 670 fleire barnetrygder. Utgiftene til småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn under 3 år og Finnmarks-tillegget ser derimot ut til å verte lågare enn tidlegare føresett.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 845 Barnetrygd, post 70 Tilskot, med 54 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	14 691 631
Løvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	14 176 100
Forslag til tilleggs-løyving .....	54 000

**Kap. 852 Adopsjonsstønad***Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving*

Posten dekkjer tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet på 23 400 kroner per barn. Tilskotet vert ytt til foreldre som på førehand har innhenta samtykke frå norske myndigheter til adopsjon frå utlandet. Ordninga er regelstyrt og posten er ei overslagsløyving. Tilskotet vert utbetalt frå Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat).

Bufetat legg i sine prognosar per 1.10.04 opp til at det vert utbetalt eingongsstønad for 770 adopsjonar i 2004. Dei viktigaste årsakene til behovet for ekstra midlar i år er blant anna at det kom store grupper adoptivbarn frå Kina til Noreg mot slutten av 2003. Ein slik auke kom av stopp i adopsjonar frå Kina tidlegare på året grunna SARS-epidemien. Det vart difor i 2004 utbetalt eingongsstønad for 112 barn som kom frå Kina i tidsrommet oktober-desember 2003. Frå sommaren 2004 har det i tillegg kome langt fleire barn frå Kina enn venta fordi behandlingstida for adopsjonar i landet er korta ned frå 13–14 månader til ca. 7–8 månader. Det inneber at det er behov for ei tilleggs-løyving i 2004 på 2 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om å auke kap. 852, post 70 med 2 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	12 769
Løvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	15 928
Forslag til tilleggs-løyving .....	2 000

**Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet***Post 64 Tilskot til einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar, overslagsløyving*

Posten dekkjer det særskilte tilskotet til kommunane på 99 700 kroner per barn per år, og refusjon av kommunen sine barnevernutgifter til einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar. Det særskilte tilskotet vert utbetalt frå UDI og statsrefusjonen via Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Ordninga er regelstyrt og posten er ei overslagsløyving. Talet på einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar som kjem til landet i 2004 er venta å verte om lag 300.

I prognosar per 1.10.04 har Bufetat meldt eit behov på om lag 102 mill. kroner, medan UDI har stipulert sine utgifter til å verte om lag 155 mill. kroner. I tillegg har fylkesmennene sendt krav på om lag 43 mill. kroner for barnevernsutgifter knytte til einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar for krav frå 2003 eller tidlegare. Det inneber at det er behov for ei tilleggsløyving i 2004 på 94,6 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om å auke kap. 854, post 64 med 94,6 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	252 633
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	205 424
Forslag til tilleggsløyving .....	94 600

**Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet***Post 04 Refusjon av ODA-godkjente utgifter*

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan etter OECD/DACS (Development Assistance Comitee) statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Færre einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar kjem til landet no. Det fører òg til at færre vert busette i løpet av fyrste året. Departementet gjer framlegg om å redusere kap. 3854, post 04 med 6 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	25 000
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	20 720
Forslag til tilleggsløyving .....	-6 000

**Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Sjå omtale under kap. 855, post 70.

**Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 45 Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast*

Sjå omtale under kap. 855, post 70.

**Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 70 Tilskot til kjøp av plassar, tiltak, o.a., kan nyttast under post 01*

På kap. 855, post 70 er det eit meirbehov på om lag 38,3 mill. kroner i 2004. Meirbehovet vert dekkja gjennom tilsvarande mindreforbruk på postane 21 og 45.

Departementet gjer framlegg om å auke kap. 855, post 70 med 38,3 mill. kroner for 2004. Departementet gjer òg framlegg om at kap. 855, post 21 vert redusert med 32,3 mill. kroner og kap. 855, post 45 vert redusert med 6 mill. kroner.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	*
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	1 108 000
Forslag til tilleggsløyving .....	38 300

\* Oppretta i samband med 2004-budsjettet.

**Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 60 Kommunale eigendelar*

Inntektene i 2004 er lågare enn tidlegare berekna. Det kjem i hovudsak av overgang frå fylkeskommunale rekneskapsprinsipp til statens kontantprinsipp. Overgangen til kontantprinsippet fører til at ein ikkje får inntekter for siste kvartal sidan kommunane etter forskrift om refusjon frå kommunar skal krevjast kvartalsvis etterskotsvis for eigendelen.

I 2004-budsjettet vart inntektene til barnevernet berekna til 677 mill. kroner. Inntektsanslaget bygde på eit overslag for kommunale eigendelar i 2002. Fylkeskommunane hadde ulik praksis for å føre inntektene, og inntektsoverslaget var difor usikkert. Inntektene for 2004 viser seg å vere lågare enn tidlegare berekna.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 3855, post 60 med 187 mill. kroner for 2004.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	*
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	677 000
Forslag til tilleggs-løyving .....	-187 000

\* Oppretta i samband med 2004-budsjettet.

### Kap. 0856 Barnehagar

#### Post 61 Investeringstilskot, overslagsløyving

Statstilskotet er eit øyremerkte tilskot til kommunane til bygging av nye plassar i vanlege barnehagar. Tilskotet vert rekna ut etter talet på barn med barnehageplass ved opninga av det nye barnehagebygget, eller auken i talet på barn som følgje av tilbygg eller ombygging. Ordninga vart innført i 2003.

Løyvinga i saldert budsjett bygde blant anna på eit venta måltal på nye plassar til 12 000 barn og avkorting på grunn av momskompensasjon. Det ligg ikkje an til å nå måлтаlet. Likevel er venta behov for 2004 rekna til 388 mill. kroner, 170 mill. kroner meir enn løyvinga i saldert budsjett. Venta behov byggjer på rapportering frå kommunane per 15. september.

Det er fleire årsaker til meirbehovet. Det er truleg at ein større del av utbetalt tilskot i 2004 gjeld barnehagar som vart etablerte i 2003. På grunn av endring i opphaldsstrukturen vert det ved utgangen av året utbetalt tilskot til langt fleire plassar enn ein skulle tru etter auken i talet på barn med barnehageplass. I tillegg har effekten av kompensasjon for meirverdiavgift ikkje vorte så stor som departementet har lagt til grunn.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 856, post 61 med 170 mill. kroner for 2004.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	284 274
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	218 000
Forslag til tilleggs-løyving .....	170 000

### Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid

Sjå omtale under kap. 800, post 21, kap. 865, post 79 og kap. 867, post 01.

### Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid

#### Post 79 EUs rammeprogram for forbrukartiltak, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer kostnader ved deltaking i EU sitt rammeprogram for forbrukarpolitikk. Fordi dei årlege bidraga varierer med svingingar i eurokurs, faktisk aktivitet under programmet og med endeleg EØS-budsjett, er det vanskeleg å fastsetje rett løyving for det enkelte budsjettåret.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 865, post 79 med 0,51 mill. kroner mot ei innsparing på 0,51 mill. kroner på kap. 865, post 21.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	*
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	3 850
Forslag til tilleggs-løyving .....	510

\* Oppretta i samband med 2004-budsjettet.

### Kap. 867 Sekretariatet for Forbrukar- og Marknadsrådet

#### Post 01 Driftsutgifter

Sekretariatet for Forbrukar- og Marknadsrådet har behandla langt fleire saker enn tidlegare år. Difor har det vore nødvendig å halde langt fleire møter i både Forbrukar- og Marknadsrådet i år enn tidlegare. I tillegg har sakene vore større enn tidlegare, slik at råds- og utvalgsmedlemmene har brukt fleire timar til førebuing enn vanleg. Sekretariatet har i tillegg hatt eit etterslep når det gjeld investeringar i fysisk arbeidsmiljø og kompetanse, og for å kunne oppretthalde sikker drift.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 867, post 01 med inntil 0,25 mill. kroner mot tilsvarande innsparing på kap. 865, post 21.

	(i 1 000 kr)
Rekneskap 2003 .....	4 591
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	4 545
Forslag til tilleggs-løyving .....	250

### Kap. 2530 Fødselspengar og adopsjonspengar

#### Post 70 Fødselspengar til yrkesaktive, overslagsløyving

Løyvinga til fødselspengar vart auka med 275 mill. kroner til 8 931 mill. kroner i samband med be-

handlinga av revidert nasjonalbudsjett. Tal frå utgangen av tredje kvartal tyder på ein ytterlegare auke i utgiftene på 69 mill. kroner, hovudsakeleg fordi ca. 1030 fleire barn under eit år enn berekna er med i revidert budsjett.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 2530, post 70 med 69,31 mill. kroner.

(i 1 000 kr)	
Rekneskap 2003 .....	8 337 275
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	8 930 690
Forslag til tilleggs-løyving .....	69 310

*Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving*

Løyvinga til eingongsstønad er på 404,745 mill. kroner. Sidan det er færre barn med eingongsstønad enn venta i saldert budsjett, er utgiftsoverslaget nedjustert til 400 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2530, post 71 med 4,745 mill. kroner.

(i 1 000 kr)	
Rekneskap 2003 .....	418 620
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	404 745
Forslag til tilleggs-løyving .....	4 745

*Post 72 Feriepengar av fødselspengar til arbeidstakarar, overslagsløyving*

Utbetalingane av feriepengar var ved utgangen av tredje kvartal på om lag 250 mill. kroner, 4,6 mill.

kroner meir enn løyvt i saldert budsjett. Etter erfaring er alle utbetalingar gjorde på det tidspunktet.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 2530, post 72 med 4,634 mill. kroner.

(i 1 000 kr)	
Rekneskap 2003 .....	233 915
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	243 366
Forslag til tilleggs-løyving .....	4 634

*Post 73 Adopsjonspengar, overslagsløyving*

Rekneskapstal ved utgangen av tredje kvartal tyder på at utgiftene til adopsjonspengar vert noko lågare enn løyvinga på 151,194 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 9,194 mill. kroner.

(i 1 000 kr)	
Rekneskap 2003 .....	132 473
Løyvt beløp 2004 inklusive tidlegare løyving om tillegg .....	151 194
Forslag til tilleggs-løyving .....	9 194

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2004 under Barne- og familiedepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2004 under Barne- og familiedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2004 under Barne- og familiedepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2004 vert det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
0800		Barne- og familiedepartementet (jf. kap. 3800)	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 83 055 000 til kr 82 855 000	200 000
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 3 186 000 til kr 4 036 000	850 000
0840		Tilskot til krisetiltak	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 3 753 000 til kr 3 703 000	50 000
0841		Familievern og konfliktløysing	
	70	Utviklings – og opplysningsarbeid o.a. vert redusert med ..... frå kr 12 004 000 til kr 10 604 000	1 400 000
0842		Statleg forvaltning av familievernet (jf. kap. 3842)	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , vert auka med ..... frå kr 141 031 000 til kr 142 431 000	1 400 000
0844		Kontantstønad	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving, kan nyttast under kap. 856, post 60</i> , vert auka med . frå kr 3 045 195 000 til kr 3 130 195 000	85 000 000
0845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, vert auka med ..... frå kr 14 176 100 000 til kr 14 230 100 000	54 000 000
0852		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 15 928 000 til kr 17 928 000	2 000 000
0854		Tiltak i barne – og ungdomsvernet (jf. kap. 3854)	
	64	Tilskot for einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 205 424 000 til kr 300 024 000	94 600 000
0855		Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 3855)	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 50 000 000 til kr 17 700 000	32 300 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 56 000 000 til kr 50 000 000	6 000 000
	70	Tilskot til kjøp av plassar, tiltak o.a., <i>kan nyttast under post 01</i> , vert auka med ..... frå kr 1 108 000 000 til kr 1 146 300 000	38 300 000
0856		Barnehagar (jf. kap. 3856)	
	61	Investeringsstilskot, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 218 000 000 til kr 388 000 000	170 000 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
0865		Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid	
	21	Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid, vert redusert med ..... frå kr 6 296 000 til kr 4 936 000	1 360 000
	79	EUs rammeprogram for forbrukerpolitikk, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr 3 850 000 til kr 4 360 000	510 000
0867		Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet (jf. kap. 3867)	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 4 545 000 til kr 4 795 000	250 000
2530		Fødselspengar og adopsjonspengar	
	70	Fødselspengar til yrkesaktive, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 8 930 690 000 til kr 9 000 000 000	69 310 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 404 745 000 til kr 400 000 000	4 745 000
	72	Feriepengar av fødselspengar til arbeidstakarar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 245 366 000 til kr 250 000 000	4 634 000
	73	Adopsjonspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med ..... frå kr 151 194 000 til kr 142 000 000	9 194 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
3854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet (jf. kap. 854)	
	04	Refusjon av ODA-godkjente utgifter, vert redusert med ..... frå kr 20 720 000 til kr 14 720 000	6 000 000
3855		Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 855)	
	60	Kommunale eigendelar, vert redusert med ..... frå kr 677 000 000 til kr 490 000 000	187 000 000



Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, November 2004